


*Eg rodde meg ut på seiegrunden
det var om morgonen tidleg.
Så kom han Ola frå Kårelunden
og lagde båten for ile.
Så dreiv eg til han med fiskestongi
så han datt i uvite bak i rongi.
Eg vart så glad, eg tok til å kvad'.
Eg rådde grunnen åleine!*



*Naust på Nord-Varhaug i Hå.
Foto: Jærmuseet, 1987.*

OM FLUFISKE OG LITT TIL

MARTIN REIESTAD

Martin Reiestad, f.1900, bonde på Reiestad i Hå. Tidlegare medlem av museumsnemda i Varhaug. Han har også skrive mindre stykke i årboka for Rogaland Folkemuseum. I denne artikkelen skriv han om minne frå heimbygda si. Men tilhøva var nok temmeleg like langs heile Jærstranda.

Fiske ut frå heimestranda har vore drive av folket på strandgardane på Jæren frå "Arilds tid". Før var ressursane i stranda og sjøen ein viktig part av livsgrunnlaget for alle gardane langs sjøen. Alle hadde stø, naust og ein eller fleire båtar, anten åleine eller saman med naboar. Sameige og sambruk var særleg knytta til større båtar, seksæringar, som kravde meir mannskap.

Flufisket som Martin her skriv om, var eit typisk sesongfiske. I januar dreiv ein helst med bakkafiske (line). I februar og fram til påske var det helst fiske med sei- og torskegarn for dei som ikkje var på sildefiske. Etter påske var det lyragarn og hummerfiske til jonsok. Utetter sommaren fiska ein også torsk o.a. med bakk og ellers gjennom heile året med handsnøre etter "grunning" (tareorsk) og anna.

Eit fiske som likna på flufisket, var "påting" etter sei om våren. Ein hadde då to stenger m/krok, blyspøkke og noko fleskesvor til agn. To mann i båten, ein rodde og ein sat i bakskoten med ei stong i kvar hand. Dette kalla nokre for "å fega -- va ude å fegte".

Med auka innsats på gardsdrifta i nyare tid, har interessa for å utnytta ressursane i stranda og sjøen minka av og for ein stor del falle bort. Men ennå er det dei som held på tradisjonane og gjerne tek seg ein tur på sjøen i eigen båt frå eiga stø. Og for folket som bur ute ved stranda, vil alltid sjøen vera ein umistelig del av oppvekst- og livsmiljø.

Seifiske med stong er eit gammalt fiske og har vore drive på same måten til i førstninga av dette århundret. Så la oss prøva å vera med han Ola frå Kårelunden og sjå korleis det føregjekk.

Det var oftast meir folk på gardane før enn det er nå. Og dei gjekk helst saman i eit hushald, eldre og unge. Og gamle bestefar var også med på sjøen så lenge makt og helse heldt.

Flufiske etter sei føregjekk på haustparten. Og det var ikkje uvanleg at mannfolka på garden låg på seiegrunden medan kvinnfolka heime bala med

kornskurden. Ein var som oftast to mann i kvar båt. Her som båten laut dragast på land om kvelden, høvde det best. Men ellers var folket svært hjelpsame og venta på einannan for å hjelpa til med båtane og anna.

Det var ikkje så ganske lite ein skulle ha med seg for å vera vel utrusta. Ei lang - ei kort - og ei mellomstong til kvar mann var det minste. Eg hugsar berre røyrstenger (bambus), men trestenger var å sjå mange stader. Desse gamle trestengene var laga av bein og kvistfri ved. For at dei ikkje skulle vera så



Martin Reiestad er 92 år og har minne frå meste heile dette hundreåret.

*Foto: Tobias Skretting, 1992. * Jærmuseet.*

altfor stive, sette ein på ein "spræd'l" (ein mjuk, tunn kvist uti enden). Denne måtte vera av ung og god ved slik at det var god "spring" i han. Men det var nok ikkje så sjeldan at spræd'l brotna og då hadde ein med seg ferdig vyrkje og kunne så setja på ny, ute på sjøen. Vyrket var visst anten av raun eller vier. Noko anna var det ikkje å finna .

Dei gamle trestengene, som låg opplagde i uthusa etter at røyrstengene kom i bruk, var så faddelege (passelege) til kosteskaft og liknande. Og slik vart dei etter kvart brukte og kom vekk. Eg hugsar at eg sjølv ei gong på Grødaland tok ei slik stong og laga ei lett og hendig kornskåta av.

Det var mellomstonga som var mest bruka. Kortstonga nytta ein dersom det var småsei eller mort og han gjekk høgt i sjøen.

Så måtte ein ha krabbe. Utan krabbe var det inga

meining i å ro ut. Det som her på Jæren meinast med krabbe, er den små, grågrøne strandkrabben. Den brune og mykje større kallast her for "skryda".

Til krabbefiske, "krabbing", bruka ein vidjer med fiskeslo knytta i tunnenden. Fem vidjer var det vanlege. Ein hadde og ei lita og lett krabbekista som ein hengde etter ein tamp over eine aksla. Og slik utrusta bar det til stranda i skuminga. Mange gonger vart det seine kvelden før dei kom att.

Som sagt vart fiskeslo nytta til krabbeagn. Hadde ein ikkje slo, så var det ein utveg å gå til bekken og ta aure eller og stikka sjøl, skjera ut innmaten og bruka den. Leid til kvelds tok ein krabbekista med vidjene og gjekk til sjøen for å krabba, "gjekk på urdå".

Det var far eller bestefar som gjekk på krabbing om kvelden. Me guttungane fekk gå om dagen, men då var krabben meir sky og det var helst små krabbe me fekk. Og lite vart det og, men me tykte det var moro og litt hjelp var det i det og. Og så all den gleden me hadde av å sjå alt det yrande livet mellom steinane der ytterst i strandkanten.

Krabbe som ikkje skulle brukast dagen etter, laut setjast i sjøen. Til det bruka ein ei større og sterkare kista. Den vart sett ned i eit passande hol nær ved støa. Kista skulle stå så langt ute som råd var, men ikkje så langt at det vart uråd å få tak i ho dersom det vart høg flo. Så la ein godt med stein på så ikkje kista skulle fara sin kos dersom det vart uver.

Men det var ikkje berre sjøen som kunne slå opp kista slik at krabben for sin kos. Ein hadde og krabbetjuvane. Og det var ikkje mange ting som var meir skittleg enn å koma til ei tom krabbekista ein tidleg morgon. Det var då heller ikkje mykje som var meir sårande enn å verta kalla for krabbetjuv.

To vyrde menn, den eine ung, den andre noko til

års komen, var gjester på Grødaland og sat i Buå og fekk seg kaffi. Best det er seier den eldste og vender seg mot den unge: "Men dæ æ ræktignok så atta du stele krabbe!" Den unge tok dette på alvor og protesterte med ord og fakter.

Likevel så tok den eldste oppatt den same påstanden ei gong til, og så om litt endå ei gong. Men då gjekk den unge til neveretten og det bar ålveltes på golvet med dei begge med skrik og merakkels og Jens Pålson lo så tårene trilla då han fortalde det. Jens var fødd i 1839.

Salt sild hørde også med. Det var vanleg vårsild som ein salta i sildefisket. Det var skam å ha salta så lite at silda vart oppeten før hausten og flufisket. Det var også skam dersom silda hadde vorte sur. Når ein dertil hadde kokte poteter, rugmjøl og noko fin sand, hadde ein dei råvarene som trongs til flua.

Av anna utstyr kan nemnast ei fluhedla og to fluhakkarar til kvar mann. Sjølvsgt også ile og iletog. Ilen var ei "grøvla", eit slags anker eller dregg av tre og stein. Iletoget skulle helst vera hårtog - spunne av ku- og hestehalar, tagl. I hårtog var det så god "spring" og båten låg så mykje rolegare og det vart ikkje så harde slag når båten rykte til.

Ei krogarveska sydd av ler, for krok og taum og bly til søkkje var og ein sjølvsgd del av utstyret.

Når ein slik hadde klart alt utstyret, kunne ein ta på sjøen, grytidleg om morgonen. Men før ein sette båten på vatnet, måtte ein talga kjølen. Då var båten så mykje lettare å dra opp på land att. På dei to siste lunnane la ein båten på sida og ein mann talga så kjølen og den andre gjekk og tok opp krabbekista.

Så kunne ein då leggja frå land. Var det vind eller såg ut til vind, tok ein gjerne med seglet. Men mange gonger let ein det vera avdi det tok så stor plass i båten. Var ein den første ute, kasta ein ilen





Enno ligg det færingar i stranda på Bodle.

*Foto: Tobias Skretting, 1992. * Jærmuseet.*

akkurat på me'e. Det kunne vera på "Garden" eller "Fluå" eller eit anna me. Var det båt frå før på me'et, sette ein på ei av sidene, men så langt i frå at det skulle vera råd å fiska med stengene mot kvarandre. Men mest alltid så bar straumen slik at alle fiska på same sida og då kunne det i godver vera greidt å vera så nær einannan at det vart råd med ein god drøs. Dersom det kom fleire båtar, sette dei seg slik at det vart ei bein rekkje og der ein helst skulle kunna sikta etter stamnane. Ei slik rekkje med båtar på me'et vart kalla ei "rei". Var det ein som slakka seg lenger ned i reia og fann ut at fisken tok betre der, så vart det rekna for simpel åtfærd.

Ja, så var ein komen på plass og så var det å få laga "egneflu" og "kasteflu". Fluhella låg på tilja og så tok ein ein fluhakkar i kvar hand og hakka så sild og krabbe og poteter og fersk fisk saman. Hadde ein ikkje fersk fisk, så fekk ein låna seg ein dersom det var ein båt som hadde fått fisk. Men det var vanleg å



*Flu-hakkar (over) som dei brukte til å hakka saman agnet med. Dette ile eller grøvle (under) er laga av tre og stein og er kome frå Reiestad til Hå bygdemuseum.
Foto: Hå Bygdemuseum.*

*Både vottane og dei store lærstøvlane var gode å ha ute på sjøen. Desse er nå på Hå Bygdemuseum.
Foto: Hå Bygdemuseum.*

halda att ein "hakkefisk" frå dagen før dersom ein hadde vore ute då.

Fisken og silda laut "avrødst" (tas skinnen av) før ein tok til med hakking. Og så kunne ein dura i gang. I stille haustmorgonar lydde det langan leid når hakkarane small mot fluhellene.

Til egneflua sette ein til mjøl for at ho skulle verta seig og hanga godt på kroken. Kasteflua skulle vera meir sprø for å spreida seg godt når ein kasta ho ut. I denne var det at ein hadde noko sand; meir eller mindre etter som straumen var. Var det sterk straum, laut ein bruka meir sand.

Når kasteflua så var ferdighakka, vart ho hatt i fluskovaren og denne vart sett på seiltofta utmed esinga. Det var han som sat fremst i båten som passa på med utkast. Egneflua vart jamna fint utover fluhella og sett på midttofta. Var det ruskever og ein ikkje våga å ha hella der, vart egneflua lagt rett på tofta.

Det var ein heil kunst å få agnet til å hanga på kroken, i sær då i vind. Nokre tok agnet i fingrane og la det i kroken og så sette dei agnet i munnen og forma det der. Før ein vart van med det, tykte nok dei fleste dette var litt ufyse, men etter kvart vandest ein med det og det gjekk fint.

Når det så leid til kvelds, samla det seg folk i stranda som ville kjøpa sei. Nokre kom gåande med sekk under armen, men mange kom køyrande. Då båtane så kom inn kunne handelen verta lysteleg. Seien seldest på tjug (20) og fangsten reknast i så og så mange tjug. Tjuge-tjug var ein fin fangst.

Seien vart delt inn etter storleiken: Først var det mort, så småsei og så storsei. Men den største seien, den som dei fiska med garn, i og etter sildefisket, den kallast for skrubbsei.

Komne på land og hadde så mykje fisk at dei ikkje kunne bera han heim, så gjekk ein av dei opp på Sjoarhøyen og sette opp "ræa". Det var ein staur, kanskje helst ei avbrota åre og så ein sekk eller ei gammal oljetrøye på toppen. Denne ræå bar då bod til dei heime at dei skulle koma med hest og kjerre snarast råd for å køyra heim fisken. Det var alltid spanande å sjå om ræå kom opp. Då var det for oss ungene å få hesten for kjerra og koma oss avstad til Bodle.

Fersk småsei vart av mange rekna for den beste kokfisken. Men det meste av fangsten vart salta ned eller turka. Då batt ein to og to saman etter halen og hengde dei opp runde på vestveggen. Jens Grødalaland kunne fortelja om tider då heile veggen hekk full av småsei til turk. Og han let ikkje vel om dette som mat når det leid utpå vårparten.

Men i det store og heile var seien kjærkomen vintrammat. Hadde ein rikesleg av salt sei, ei tunne sild og dertil noko fersk "grunning" (den brune taretorsken) eller annan fisk etter som veret laga seg utetter vinteren, var det ikkje så mykje kjøt ein turvte attåt. Ein sau eller to og ein gris til jul så levde ein godt.

Ja, dette var nokre minner frå min eigen barndom og ungdom på Reiestad og frå Grødalaland der bestemor var husmor, og elles slikt som óg hugsar dei gamle fortalde. Om flufisket er ellers å seia at det etter kvart gjekk over frå sei til makrellfiske. Men det var først frå eit par tiår innpå dette århundret. I min barndom og ungdom var ikkje makrellen komen inn til kysten slik han har vore det sidan. Og det er då ei anna soge.